


**DET NORSKE
TEATRET**



TORGIL HANSEN '75

Barneteatret på
hovudscenen sesongen 1975/76



VELKOMEN

til Barneteatret på Det Norske Teatret!

Denne gongen vil vi vise eventyret om Askepott.
På vår måte. Teater er leik. På teatret kan alt hende.
Akkurat som i fantasien.

Korleis vil **du** leike eventyret om Askepott? Det finst
minst tusen måtar å gjera det på. Gå heim og prøv!

Og vel møtt igjen til andre måtar å leike teater på!

Vennleg helsing

Teatersjefen



ASKEPOTTs VISE

NO ER DEI GÅTT OG EG STÅR HER I FILLENE,
KAN IKKJE KOMA PÅ BALL OM EG VILLE DET.
LIKEVEL KJENNER EG DRAUMANE INNE I MEG –
EG VIL ÒG DIT, EG VIL VERA MED –
DANSE SOM DEI, EG VIL VERA MED –
FILLER OG SKIT
KJEM ALDRI DIT.


TENK BERRE OM EG VAR DER
DÅ SKULLE ALLE SJÅ PÅ MEG.

TENK BERRE OM EG VAR DER!
EG SKULLE DANSE, EG!

TENK Å FÅ SJÅ EIN BALL-SAL
BERRE EIN TIME, GLØYME SLIT.

STÅR HER OG DRØYMER, VEIT AT EG SKAL
ALDRI FÅ KOMA DIT.







åskeport

Fritt omarbeidd av **RUNAR BORGE**
Musikk av **TOR HULTIN**

Koreografi og regi: **RUNAR BORGE**
Assistent: **SVENN BERGLUND**
Dekor: **SNORRE TINDBERG**
Kostyme: **RANDI SKAHJEM**
Musikalsk leiing: **ROY HELLVIN/TOR HULTIN**
Musikalsk innstudering: **TOR HULTIN**
Musikkarrangement og repetitør: **ROY HELLVIN**


Inspisient: **KRZYSZTOF SELIGA**
Parykkar og masker: **DORO WALSTAD**
Rekvisitør: **FINN KIRKEBYE**
Sufflør: **ELSA ISEFIÆR**

Premiere den 18. september 1975



Askepott
Mora
1. dottera
2. dottera
Prinsen
Fee
Kongen
Dronninga
1. herold
2. herold


Dansarar



I orkestret: ROY HELLVI
ERIKSEN (trompet), ROL
fløyte), KARL JOHAN H
VENAAS (bass) og OLE J

Ein

Programredaksjon:
Foto: Sturlason
Trykk: Norsk Prent



ANN MARIE NØDDELUND
ANITA RUMMELHOFF
BRIT ELISABETH HAAGENSLIE
KJERSTI ALVEBERG
DAG SANDVIK
ELSA ISEFJÆR
LEIF R. BJØRNESETH
BIRGITTA REVOLD
RAGNAR DYRESEN
SVENN BERGLUND


KJERSTI ALVEBERG
SVENN BERGLUND
LEIF R. BJØRNESETH
TOVE EDWARDS
NINA HARTE
ROY LINDQUIST
BIRGITTA REVOLD

N (piano og orgel), FINN
F MALM (altsaksofon og
HELGESEN (gitar), TERJE
JACOB HANSEN (trommer).

pause

: Halldis Hoaas


at L/L, Oslo



RUNAR BORGE har kome som ein komet i norsk teater. Han er utdanna dansar – meir moderne enn klassisk, men har dei siste åra markert seg sterkt som koreograf, både i «Studio Oscar», i Fjernsynet og her på Det Norske. Han var ein av opphavsmennene bak suksessen «Cirkus fem» på Scene 2 i fjor, det var til dømes Runar som skreiv tekst og melodi til dei to visene der. I år går han vidare: med «Askepott» debuterer han som manusforfattar og instruktør, ved sida av at han sjølvsagt har hand om koreografien.




TOR HULTIN er eit namn med god klang i norsk musikarverd. Ein framifrå pianist og musikalsk leiar med mange års teaterrøysle bak seg, har han dei siste åra verkeleg slått igjennom som teaterkomponist. Mange hugsar sikert musicalen om «Veslefrikk med fela» her på teatret for få år sidan – den var det Tor Hultin som hadde ansvaret for.






SNORRE TINDBERG er teknisk sjef her på teatret, samstundes som han er ein svært aktiv og opptatt scenograf. Vi har ikkje tal på dei barneframsyningane han har skapt scenebilete til — det har han sikkert ikkje sjølv heller. Men vi minnest m.a. «Taremareby» frå to oppsetjingar her på Det Norske, der han fantasifullt skapte ein heil havbotn på scenen, befolka med rekefrøkner, flyndrefantlar og mangt anna rart!



RANDI SKAHJEM er sjef for systova på teatret, men ho lagar òg kostyma til ei mengd oppsetjingar både for vaksne og for barn. Det var til dømes ho som boltra seg med sterke fargar og artige idéar i kostyma på «Cirkus fem»! Like eins var det ho som laga Ole Brumm, Nasse Nøff og alle dei andre i Tusenmeter-skogen nett slik dei skulle vere. Ho sparar seg aldri når det gjeld å få eit kostyme nett slik ho meiner det må vere!







NØTTEVISEDANS

MUSENE:

EI NØTT, EI NØTT I KORGA.

EI MUS:

VI HJELPER ASKEPOTT.

MUSENE:

EI NØTT, EI NØTT I KORGA.

ASKEPOTT:

TENK Å FÅ HJELP, — SÅ FLOTT.

MUSENE:

VI BUR HER BAK OMNEN, VI PASSAR PÅ ELDEN
I OSS HAR DU FATT DEG EIN VEN.

VI SØV HEILE DAGEN, SÅ ET VI OM KVELDEN.

EI NØTT, EI NØTT I KORGA.

VI PLUKKAR ALLE SEKS

EI NØTT, EI NØTT I KORGA.

STEMORA ER EI HEKS.

EI MUS:

EG SYNEST DU ER SÅ PEN! THI!

ALLE:



EI NØTT, EI NØTT I KORGA.

VI HJELPER ASKEPOTT.

EI NØTT, EI NØTT I KORGA.

ASKEPOTT:

EG HAR FATT HJELP, SÅ GODT!





10g162228